

Møteinnkalling

Utval:	Hordaland fagskulestyre
Møtestad:	Nordhordland, 4.etg., Fylkeshuset
Dato:	13.03.2014
Tid:	10:00

Innkalling til styremøte i Hordaland Fagskulestyre

Det blir med dette kalla inn til styremøte i Hordaland Fagskulestyre

Tid: Torsdag 13. mars 2014 kl. 10.00.
Stad: Fylkeshuset, møterom «Nordhordland», 4. etg.

Program:

Kl. 10.00: Saksførehaving
Kl. 11.00: Lunsj i kantina 4. etg.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Kopi vert sendt varamedlemene og rektorane ved fagskulane til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Til dette møtet har Alexander Fosse Andersen meldt forfall – Bjørnar Hamre vert kalla inn.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall. Eventuelt kan ein gje melding til folkevalde@hfk.no

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Møteboka frå møte i Hordaland fagskulestyre 19.november 2013 som er til godkjenning i møtet kan lesast på http://polsak.igest.no/polsak_filer/2013/HFS/2013057274-927911.PDF
Møteboka frå møte i Hordaland fagskulestyre 9.januar 2014 ligg ikkje som vedlegg på sak om godkjenning, men kan lesast på <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalg/UtvalgmoeteDetail?Umoeteld=3>

Roald Stenseide

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 8/14	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 9/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 10/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 5/14	Val av tilsettrepresentant	2014/2	
RS 6/14	Brev til Sjøfartsdirektoratet på vegne av Hordaland fagskulestyre	2014/2	
RS 7/14	Ymse orienteringar	2014/2	
PS 11/14	Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland	2014/2	
PS 12/14	Bruk av QM+ til kvalitetssystem for Fagskolane i Hordaland	2014/2	
PS 13/14	Endring i studentreglement etter ny forskrift	2014/2	
PS 14/14	Utvikling av nytt fagskulestudie i Agrogastronomi	2014/2	
PS 15/14	Utvikling av nytt fagskuletilbod innan CNC og robot	2014/2	
PS 16/14	Ymse		

PS 8/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 9/14 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 10/14 Referatsaker (Meldingar)

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Referanse
2014/2-15**Dato**
14.02.2014

Val av tilsettrepresentant

Det har vore gjennomført val av ny tilsettrepresentant til Hordaland fagskulestyre for 2014 og 2015. Ny tilsettrepresentant er Signe Gangsøy ved Bergen tekniske fagskole (sjå tabell under).

Kandidat	Fusa fagskule	Bergen maritime	Bergen tekniske	Sum
Marianne Moberg	11	0	0	11
Gustav Bahun	1	5	5	11
Signe Gangsøy	0	1	27	28

Av di representantane Marianne Moberg og Gustav Bahun fekk like mange stemmer totalt, vert begge sett som vara for tilsettrepresentanten.



Notat

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Referanse
2014/2-21

Dato
21.02.2014

Brev til Sjøfartsdirektoratet på vegne av Hordaland fagskulestyre

Administrasjonen har etter vedtak i styremøte 09.01.2014 sendt brev til Sjøfartsdirektoratet for å be om svar på søknader om re-godkjenning av sertifikata ved dei maritime fagskulane, i tillegg til svar på lukking av avvik ved Austevoll maritime fagskule. Brevet ligg som vedlegg til saka. Administrasjonen har per dags dato ikkje motteke svar på førespurnaden.



Sjøfartsdirektoratet
Postboks 2222
5509 HAUGESUND

Dato: 17.01.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/2-12

Vedkomande lukking av avvik og søknad om re-godkjenning

Hordaland fagskulestyre syner til dokumentasjon for lukking av avvik ved Austevoll maritime fagskule som vart sendt Sjøfartsdirektoratet den 23.09.2013, og søknad om re-godkjenning av sertifikat for Bergen maritime fagskule og Austevoll maritime fagskule sendt i juni 2013. Fagskulane og Hordaland fagskulestyre har per dags dato ikkje motteke svar på søknad og tilsvar på avvik. Hordaland fagskulestyre ber om at Sjøfartsdirektoratet gjer ei snarleg avgjerse i sakene, og ei formell attendemelding på når ein kan vente ei avgjerd.

Fylkestinget i Hordaland har vedteke ei omorganisering av Fagskolane i Hordaland, og det vert no arbeid med å implementere ny fagskulestruktur. Etter møtet med Sjøfartsdirektoratet 10. juni 2013 vart ein samde om å avventa formell samanslåing av Bergen maritime fagskule og Austevoll maritime fagskule til alle avvik ved Austevoll maritime fagskule var formelt lukka. Det er difor særst viktig at ein får lukka avvika, og at arbeidet med samanslåinga kan halda fram som planlagt. Det er også viktig for Hordaland fagskulestyre og fagskulane at ein har dei naudsynte sertifikatane og godkjenningane for maritim fagskuledrift.

Roald Stenseide
styreleiar, Hordaland fagskulestyre

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Notat

Dato: 27.02.2014

Arkivsak: 2014/2-22

Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Ymse orienteringar

Melding om forfall

Sekretariatet for dei politiske utvala har ansvar for å senda ut innkalling til fleire ulike utval og møte. Dei har også ansvar for å kalla inn vara ved forfall. Forfall skal meldast til folkevalde@hfk.no. For å vera sikker på at meldinga vert motteken i tide, spesielt om den kjem seint grunna uføresette hendingar, må forfall også meldast med kopi til styresekretær Øydis Rydland Ziem.

Innmelding av saker til styret

Dersom fagskulane ønskjer å melda inn saker til fagskulestyret må dette skje minst tre veker før datoen for styremøtet sakene skal meldast opp til. Det er ikkje lengre mogleg å melda inn ekstrasaker etter at sakspapira er sendt ut til styremedlemmene ei veke før styremøte.



Arkivnr: 2014/2-18
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	11/14	13.03.2014

Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har gjennomført dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland som tek utgangspunkt i årsmeldingane som fagskulane leverer til styret. Årsmeldingane til fagskulane syner resultatane frå student-, lærar- og sensorevalueringane som vart gjennomført våren 2013. Studentane gjev hovudsakleg gode tilbakemeldingar, men nokre område syner eit forbettringspotensiale. Likevel arbeidar fagskulane godt med tiltak og oppfølging av resultatane etter student-, lærar- og sensorevalueringane.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek saka til orientering og ber fagskulane fortsette det gode kvalitetsarbeidet ved utdanningane.
2. Hordaland fagskulestyre skal sette overordna mål for Fagskolane i Hordaland som er kvantitativt målbare.
3. Den einssilde fagskule må sette kvantitativt målbare mål for kvaliteten i utdanningane og gjere ei vurdering av måloppnåing ved innlevering av neste årsmelding.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.02.2014

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har gjennomført dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland som tek utgangspunkt i årsmeldingane som fagskulane leverer til styret. Skulebesøka vart gjennomført med to representantar frå administrasjonen og representantar frå fagskulane. Årsmeldingane til fagskulane syner resultatane frå student-, lærar- og sensorevalueringane som vart gjennomført våren 2013. Oppsummeringa frå skulebesøka er i høve til kvalitetssystemet eit internt arbeidsdokument og vert soleis ikkje gjort offentleg, men dannar grunnlag for kvalitetsmeldinga til fagskulestyret.

NOKUT vedtok *forskrift om kvaliteten i fagskoleutdanning* 12.12.2013, og forskrifta seier følgjande om kvalitetssikring:

Kapittel 5. System for kvalitetssikring

§ 5-1. Krav til system for kvalitetssikring

(1) Tilbyder skal ha en systembeskrivelse som består av de ulike elementene i kvalitetssikringssystemet og viser sammenhengen mellom disse. Beskrivelsen skal omfatte ansvarsforhold og rapporteringslinjer, og det skal fremgå hvordan informasjonen systemet fremskaffer blir brukt til å utvikle og forbedre utdanningene.

(2) Tilbyder skal sette mål for kvaliteten i utdanningene. Kvantitativ informasjon skal indikere om målene er nådd.

(3) Tilbyder skal innhente tilbakemeldinger om kvaliteten i utdanningene fra:

a) Studenter.

b) Undervisningspersonalet.

c) Sensorer.

d) Aktører i yrkesfeltet.

(4) For hver utdanning skal tilbyder årlig gjennomgå utdanningskvaliteten basert på den informasjonen som fremkommer gjennom kvalitetssikringssystemet. Tilbyder skal også vurdere om utdanningene fyller kravene for godkjenning av fagskoleutdanning i lov og forskrifter.

(5) Ledelsen skal årlig utarbeide en rapport til styret med en overordnet vurdering av utdanningskvaliteten i utdanningene.

(6) For tilbydere som søker godkjenning av fagområde, må systembeskrivelsen inneholde rutine for etablering av nye utdanninger, jf. § 4-4 d).

(7) Tilbyder som søker godkjenning av fagområde må kunne dokumentere jevnlig dialoger med samarbeidspartnere, jf. § 4-6, og vise hvordan informasjonen brukes i den årlige gjennomgangen av utdanningskvaliteten, jf. § 5-1(4).

Kvalitetssystemet til Hordaland fagskulestyret imøtekjem dei fleste krava i forskrifta, men det er naudsynt å gjere ei oppdatering i sjølve systemet både i høve til omorganiseringa av fagskulane og kva lover og forskrifter kvalitetssystemet syner til. Det er også naudsynt å vidareutvikla kvalitetssystemet i høve til punkt 2 i krava over: *Tilbyder skal sette mål for kvaliteten i utdanningene. Kvantitativ informasjon skal indikere om målene er nådd.* NOKUT definerer styret som tilbydar, og kvalitetssystemet må derfor syne til nokre

overordna mål for Fagskolane i Hordaland. I tillegg bør fagskulane sette kvantitativt målbare mål som skulane kan rapportera på i samband med årsmeldingane. Administrasjonen vil lage ei eiga sak om dette til styremøtet i mai.

Funn etter skulebesøka

Studentane gjev stort sett gode tilbakemeldingar i årsmeldingane til fagskulane, og fagskulane arbeider godt med kvaliteten i utdanningane. Fagskulane er raske med å følgje opp strukturelle og organisatoriske utfordringar gjennom skuleåret når studentane gjev melding om dette. Fagskulane har starta arbeidet med å revidera læreplanane, og skulane samarbeider innanfor emne der dette er relevant. Til dømes samarbeider Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole om realfaga og emnet leining, økonomi og marknadsføring (LØM). Bergen tekniske fagskole har teke initiativ til å gjennomføre ei samling om planarbeid og læringsutbyttebeskrivingar. Samlinga vert halden på Clarion Hotel Bergen Airport 12. mars 2014, og to personar frå NOKUT er invitert for å halda ein presentasjon om Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyttebeskrivingar.

Læringsmiljø ved nettklassar

Ved nokre fagskular får det totale læringsmiljøet ein lågare skåre enn ein ønskjer. Studentane kan gje ein skåre frå 1 - 6, og ein skåre under 4 vert rekna som låg. Når skulane ser nærare på resultatet er det klassane ved nett-tilboda som gjev låg skåre. Nettundervisning er ei meir krevjande undervisningsform både for lærarar og studentar. Fagskulane har iverksett tiltak for å forbetre desse utfordringane, og blant anna er skulane opptekne av å nytta røynde lærarar til nettundervisninga, og gje god opplæring og oppfølging til nye nettlærarar.

Samarbeid med næringslivet

Studentane gjev noko låg skåre på spørsmål om samarbeid med næringslivet. Dette er eit spørsmål som har fått låg skåre fleire år på rad. Fagskulane har eit svært godt samarbeid med næringslivet, og det står difor i kontrast til tilbakemeldingane frå studentane. Fagskulane informerer studentane godt om kva samarbeid dei har med næringslivet, og det er gjort ei endring i spørjeskjemaet frå og med skuleåret 2012/13 som skulle presisera kva ein meiner med spørsmålet. Spørsmålet er formulert som følgjer:

Fagskulane skal ha eit nært samarbeid med næringslivet (kommunane) for å kunne halda seg oppdatert innan dei ulike fagfelta. I kva grad har du inntrykk av at skulen samarbeider godt med næringslivet (kommunane) innan ditt fagfelt?

Fagskulane har også fått nokre munnlege tilbakemeldingar om næringslivet, og på bakgrunn av dette kan årsaka kanskje vere manglande støtte frå arbeidsgjevar til gjennomføring av utdanninga; til dømes tilrettelegging av turnus med meir. Studentane seier også at næringslivet ofte ikkje veit kva ei fagskuleutdanning er, og at det derfor kan vere vanskeleg å marknadsføre seg sjølv. Studentane ved Bergen tekniske fagskole ønskjer på bakgrunn av dette å starta eigne lineorganisasjonar som skal skapa ei tettare kopling mellom studentane og næringslivet. Sjølv om næringslivet har lite kjennskap til fagskuleutdanningane får studentane raskt gode jobbar etter utdanning, og ofte allereie under utdanning.

Gjennomføring

Det er hovudsakleg god gjennomføring ved fagskulane. Ved nokre utdanningar er det eit høgare fråfall i starten av utdanningane enn seinare i løpet. Dette ser ein spesielt ved petroleumsutdanningane og helsefaga. Årsaka til dette er ofte knytt til manglande støtte frå arbeidsgjevar i høve til tilrettelegging av arbeidstid for å gjennomføre utdanninga. Nokre studentar fell også frå fordi dei opplever at utdanninga var meir krevjande enn dei såg føre seg. Innan petroleumsutdanningane har fagskulen gått i dialog med einssilde arbeidsgjevarar for å gje tips om korleis dei kan leggje betre til rette for arbeidstakarar i utdanning.

Variasjon i arbeidsmetodar

Eit spørsmål som ofte får låg skåre er grad av variasjon i arbeidsmetodar, og dette er også tilfelle ved nokre emne i år. Det er ofte realfaga som får låg skåre, og emne som det er vanskeleg å ha variasjon i. Sjølv om det er lite variasjon i arbeidsmetodar seier ikkje dette noko om at arbeidsmetodane som har blitt nytta er

gode eller riktige i høve til læringsutbyttet i emna. Bergen tekniske fagskole har difor lagt til følgjande spørsmål:

I kva grad har dei arbeidsmetodane som har blitt nytta, vore dei riktige for at du skal ha eit godt læringsutbytte i modulen?

Bergen maritime fagskole ønskjer også å leggje til dette spørsmålet. Soleis vert det enklare for fagskulane å undersøkje om det er knytt misnøye til at det er liten grad av variasjon, eller om det er akseptert.

Utstyr og anna infrastruktur

Alle fagskulane tek raskt tak i tilbakemeldingar om manglar ved utstyr og liknande. Bergen tekniske fagskole har nyleg investert i mykje nytt utstyr som blant anna 3D-printar og nye maskiner, og det vil verte investert i meir når skulen flyttar til nytt bygg. Nautikkstudentane ved Bergen maritime fagskole gjev låg skåre på spørsmål om tilfredsheit med utstyr og anna infrastruktur. Dette er knytt til skulen sin brusimulator som er svært utdatert. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga arbeider med å skaffe midlar til delfinansiering av ny brusimulator ved Bergen maritime fagskole.



Arkivnr: 2014/2-19
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	12/14	13.03.2014

Bruk av QM+ til kvalitetssystem for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Fylkesrådmannen har fastsett at Hordaland fylkeskommune og dei ytre einingane skal bruke QM+ som kvalitetssystem. I høve til Fagskolane i Hordaland må Hordaland fagskulestyre avgjere om systemet også skal nyttast ved fagskulane. Det er føremålstenleg at alle einingane i fylkeskommunen nyttar seg av det same systemet så lenge systemet har funksjonar som famnar om dei behov dei ulike einingane har. Per dags dato kan ikkje dei maritime fagskulane bruke QM+ til sitt kvalitetssystem mellom anna fordi systemet ikkje er sertifisert etter ein standard. Dei tre fagskulane nyttar QM+ til sine dokument, og desse er soleis opne for fylkesadministrasjonen, men systemet er ikkje basert på og tilrettelagt for å implementere dei gjeldande kvalitetssystema ved fagskulane. Fylkeskommunen ønskjer å vidareutvikle systemet slik at det imøtekjem dei krav dei maritime fagskulane har.

Forslag til vedtak

1. Fagskolane i Hordaland skal nytte Hordaland fylkeskommune sitt kvalitetssystem til sine styrings- og gjennomføringsdokumenter, ved opplasting eller lenking frå anna system.
2. Fagskolane i Hordaland kan ta i bruk QM+ til sine kvalitetssystem når programvara tilfredsstillir krava til maritim utdanning.
3. Fagskolane i Hordaland kan sjølv vurdere kva programvare dei ønskjer å bruke til spørjeundersøkingane i skulane sitt eige kvalitetssystem.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.02.2014

Fylkesrådmannen har fastsett at Hordaland fylkeskommune og dei ytre einingane skal bruke QM+ som kvalitetssystem. Kvalitetssystemet til Hordaland fylkeskommune vert i dag nytta som eit dokumentlagringssystem i høve til styrings- og gjennomføringsdokument for den einskilde skule, og til HMT i høve til dokumenthandtering og avviksmeldingar. I høve til Fagskolane i Hordaland må Hordaland fagskulestyre avgjere om systemet også skal nyttast ved fagskulane.

Det er føremålstenleg at alle einingane i fylkeskommunen nyttar seg av det same systemet så lenge systemet har funksjonar som famnar om dei behov dei ulike einingane har. Per dags dato kan ikkje dei maritime fagskulane bruke QM+ til sitt kvalitetssystem av di systemet ikkje er sertifisert etter ein standard, og av di det ikkje er mogleg for studentane å melda avvik gjennom QM+. Fagskolane i Hordaland kan heller ikkje nytte QM+ til å senda ut spørjeundersøkingar til studentar, eksterne sensorar og andre interessantar, av di systemet berre er oppe for tilsette i Hordaland fylkeskommune. Dei tre fagskulane nyttar QM+ til sine dokument, og desse er soleis opne for fylkesadministrasjonen, men systemet er ikkje basert på og tilrettelagt for å implementere dei gjeldande kvalitetssystema ved fagskulane.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å vidareutvikle QM+ slik at systemet vert sertifisert, og slik at det vert laga ein tilleggsmodul som opnar opp for at studentane kan få tilgang til å gje avviksmelding i same løysing. Ei vidareutvikling av systemet i høve til desse krava vil kunne vere på plass om ca. 2 år. Det har tidlegare vore uttrykt ønskje om at det skal kunne vere opent for studentane ved fagskulane i QM+, slik at ein kunne nytte seg av spørjeskjema-modulen som har fleire moglegheiter enn It'slearning. Dette var ikkje mogleg å få til tidlegare, og fagskulane har derfor arbeidd med å utvikla spørjeskjema i løysinga SurveyXact. Bergen tekniske fagskole har nytta SurveyXact i 2 år, og Bergen maritime fagskole har nytta løysinga for nokre av utdanningane. Bergen maritime fagskole og Fusa fagskule ønskjer no å nytta SurveyXact til sine spørjeskjema som skal ut til studentar, lærarar og sensorar.

På bakgrunn av saksframlegget vil administrasjonen tilrå at Fagskolane i Hordaland kan ta i bruk QM+ når systemet er ferdig utvikla, men at skulane likevel kan nytta SurveyXact til utsending av spørjeskjema om dei ønskjer det. Fordelen med eit felles system er at kombinerte skular har færre system og halde seg til, og ein kan kommunisere med resten av organisasjonen gjennom kvalitetssystemet.



Arkivnr: 2014/2-20
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	13/14	13.03.2014

Endring i studentreglement etter ny forskrift

Samandrag

NOKUT vedtok 12.12.2013 ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta). Ei presisering i forskrifta gjer det naudsynt med ei endring i samansetninga av fagskulestyret si klagenemnd. Forskrifta seier at minst éin student skal vere medlem i klageinstansen til fagskulestyret.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre vedtek endring i reglementet for Fagskolane i Hordaland om samansetning av klagenemnd.
2. Dei som vert valt som studentrepresentant og vara for studentrepresentant ved fagskulestyret er medlem i klagenemnda til fagskulestyret.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Reglement for Fagskolane i Hordaland

Fylkesrådmannen, 19.02.2014

NOKUT vedtok 12.12.2013 ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta). Ei presisering i forskrifta gjer det naudsynt med ei endring i samansetninga av fagskulestyret si klagenemnd. Endringa er på grunn av punkt g i tekstutdraget frå forskrifta under.

Kapittel 3. Krav for godkjenning av fagskoleutdanning

§ 3-1. Grunnleggende forutsetninger for å tilby fagskoleutdanning

(1) Krav i fagskoleloven med forskrifter skal være oppfylt. NOKUT vurderer følgende krav:

- a) *Grunnlag for opptak. Grunnlaget for opptak skal være relevante kvalifikasjoner på nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. Søkere har krav på å få vurdert om de er kvalifisert for opptak til en utdanning på grunnlag av realkompetanse.*
- b) *System for kvalitetssikring.*
- c) *Organisasjon og ledelse. Det er tilbyders styre som er ansvarlig for utdanningen.*
- d) *Studentenes læringsmiljø og rettigheter.*
- e) *Vitnemål.*
- f) *Reglement. Reglementet skal fastsette studentenes rettigheter og plikter, og være utformet slik at det sikrer lik og upartisk behandling.*
- g) *Klageinstans. Styret selv fastsetter regler for klagebehandling. Minst én student skal være medlem i klageinstansen.*

(2) *Tilbyder skal samarbeide med aktører i yrkesfeltet og delta i faglige nettverk som sikrer at utdanningens læringsutbytte er relevant for yrkesfeltet.*

(3) *Utdanninger som reguleres av nasjonale eller internasjonale standarder, konvensjoner og avtaler skal tilfredsstillere kravene i disse.*

(4) *For utdanninger med praksis skal det foreligge avtaler som regulerer vesentlige forhold av betydning for studentene.*

(5) *Utdanningen skal ha et omfang av 30, 60, 90 eller 120 fagskolepoeng.*

(6) *Det totale antall arbeidstimer for studentene skal normalt være mellom 1500–1800 timer per år.*

Studentreglementet for Fagskolane i Hordaland har følgjande tekst om klagenemnda til Hordaland fagskulestyre:

G. Klage og klagehandsaming

§ 21. Klageinstans

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller gjeve ny vurdering. Ved klage på formelle feil ved eksamen eller sanksjonar vert det oppretta ei klagenemnd av Hordaland fagskulestyre. Klagenemnda består av tre personar frå fagmiljøa ved fagskulane. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Klagen skal vere sendt/levert til fagskulen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).

For å imøtekomme fagskuletilsynsforskrifta foreslår administrasjonen følgjande endring i reglementet (endringa er markert):

G. Klage og klagehandsaming

§ 21. Klageinstans

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller gjeve ny vurdering. Ved klage på formelle feil ved eksamen eller sanksjonar vert det oppretta ei klagenemnd av Hordaland fagskulestyre. **Klagenemnda består av minimum to personar frå fagmiljøa ved fagskulane og éin student.** Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Klagen skal vere sendt/levert til fagskulen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).

Administrasjonen vil vidare tilrå at studentrepresentanten i fagskulestyret er fast medlem i klagenemnda, og at vara for studentrepresentanten også er vara for studenten i klagenemnda.



FAGSKOLANE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

REGLEMENT FOR FAGSKOLANE I HORDALAND

A. Verdigrunnlag.....	2
B. Innleiing.....	2
C. Opptakskrav	2
D. Spesielle tilhøve	4
E. Vurdering.....	6
F. Eksamensordning og eksamensreglement.....	6
G. Klage og klagehandsaming.....	10
H. Bruk av Internett.....	11
I. Andre føresegner	12

A. Verdigrunnlag

Fagskolane i Hordaland byggjer sin aktivitet på følgjande verdiar:

Ved fagskolane

- vert studentane handsama med respekt
- har alle studentar ansvar for medverknad til læringsprosessen
- har vi eit læringsmiljø som skapar samhald og best mogleg tryggleik for studentane gjennom eigen aktivisering i ein variert læringsprosess
- vert studentar motivert til å ta ansvar for eiga læring
- får studentar utvikla sine kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse gjennom teoretisk og praktisk arbeid
- arbeidar studentar med oppgåver i eit miljø, der lærarar legg til rette og rettleiar i prosessen

B. Innleiing

Personar som er tekne opp som studentar ved Fagskolane i Hordaland pliktar å følgje retningslinene som er nedfelt i dette dokumentet. Studenten har generelle rettar og pliktar, og dette kan samanfattast som følgjer:

Rettar

Studenten har rett til opplæring, rettleiing og hjelp som samsvarar med dei reglar som til ei kvar tid gjeld for fagskulen.

Studenten skal haldast orientert om meldingar og vedtekter etc. som leiinga ved fagskulen gir.

Studentrådet har rett til å uttale seg på vegner av studentane i alle saker som gjeld reglement og liknande for studentane som gruppe.

Plikter

Studenten må rette seg etter dei vedtekter, reglement og instruksar som er fastsett ved fagskulen.

Studentar som er tatt opp ved utdanningstilbod som krev eigenbetaling må halde betalingsfristar.

Studenten må skaffe seg det undervisningsmaterielle og lærebøker som opplæringa krev, og som fagskulen ikkje held.

Studenten må møte presis til opplæringa og delta aktivt i all opplæring i den form den blir gitt, i eller utanfor skulane sine lokale.

Studenten må gjennomføra den årlege studentundersøkinga som er ein del av fagskulane sitt kvalitetssikringssystem.

C. Opptakskrav

Opptakskrav til to-årig teknisk fagskule, maritim fagskule, grønne og marine fag

a) fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule,

b) eller minst 5 års relevant praksis utan fagbrev, med realkompetansevurdering i læreplanmåla som tilsvarar Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram

c) søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan verte tildelt plass på vilkår om greidd prøve.

Den einskilde fagskule har informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning/praksis som gjev grunnlag for opptak. Sjå den einskilde fagskule sine heimesider for meir informasjon.

Spesielle opptakskrav

Petroleumsteknologi

Søkjara til Petroleumsteknologi som fyller krava over, men som ikkje har fullført Vg2 Brønnteknikk, må ha avlagt tverrfagleg offentleg privatisteksamen i Vg2 Brønnteknikk (024 OLF/NR - Retningslinjer for opplæring av bore- og brønnpersonell).

Dekksoffiser og maskinoffiser

Det generelle grunnlaget for opptak til dekksoffiser er:

- a) fullført og bestått vidaregåande opplæring med fagbrev / sveinebrev som matros eller fiske og fangst. eller
- b) realkompetanse

Det generelle grunnlaget for opptak til maskinoffiser er:

- c) fullført og bestått vidaregåande opplæring med fagbrev / sveinebrev som motormann. eller
- d) realkompetanse

Vedtaket om opptak kan klagast på etter forvaltningslovens avgjerd om enkeltvedtak.

Opptakskrav til helse- og omsorgsfag

- a) fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule,
- b) eller minst 5 års relevant praksis utan fagbrev, med realkompetansevurdering i læreplanmåla som tilsvarar Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram
- c) søkjara som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan verte tildelt plass på vilkår om greidd prøve.

Den einskilde fagskule har informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning/praksis som gir grunnlag for opptak. Sjå den einskilde fagskule sine heimesider for meir informasjon.

Realkompetansevurdering

Vurdering av realkompetanse vert gjort ved eitt av vaksenopplæringssentra ved Hordaland fylkeskommune. Her vert søkjaren sin kompetanse vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan det relevante programområdet.

Opptak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkjara i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå på søkjara ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

For meir informasjon om realkompetansevurdering sjå: www.hordaland.no.

Poengutrekning og rangering ved opptak

- Det generelle grunnlag for opptak a eller b 100 poeng
- Det vert gjeve gjennomsnittleg karakterpoeng i alle fag på VG2 og relevant tverrfagleg eksamen
- Praksis utover det generelle grunnlag for opptak, 1 poeng pr måned
- Fartstid (tid ombord), 1 poeng pr måned

- Fagprøve med "greidd mykje godt", 25 poeng
- Fagprøve i anna fag utover det generelle opptakskravet, inklusive praksistid, 50 poeng.

Ved lik poengsum vert det kjønn kvotert som er underrepresentert i det yrket/profesjon opplæringa skal føre fram til.

Innan petroleum vert det gjeve karakterpoeng i fellesfag VG2.

Søklarar med utanlandsk utdanning

Søklarar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifisert for opptak når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertiærutdanning tilsvarande norsk toårig teknisk fagskule.

Søklarar utanfor Norden må dokumentera opplæring og praksis ved autorisert translatør og ha bestått eller ha likeverdig realkompetanse i dei felles allmenne faga tilsvarande VG1 og VG2 i yrkesfaglege studieretningar. Søklarane må i tillegg dokumentera norsk kunnskapar jamfør nivå 3 i Bergenstesten.

§ 1. Klage på inntaket

Inntak til fagskulen er enkeltvedtak etter Forvaltningslova § 2b og kan påklagast etter denne lova (§ 28 og § 29).

Eventuell klage skal sendast Nasjonalt opptakskontor for fagskulane.

D. Spesielle tilhøve

§ 2. Kontrakt

Studenten skal skrive kontrakt med tilbydaren ved skulestart som spesifiserar ulike krav til den einskilde utdanning, til dømes § 3. Frammøte og § 4. Vernereglar m.m.

§ 3. Frammøte

Deltaking i undervisninga ved fagskulane er obligatorisk og inngår som ein del av arbeidskrava for å kunne stille seg til eksamen. Det er krav om 80 % frammøte.

For studentar som arbeider offshore skal det utarbeidast ein offshoreavtale mellom tilbydar og studenten som arbeidsgjevar må stadfeste. I avtalen skal det gå fram at studenten må ha heimetid tilsvarande fire veker heime og to veker offshore (turnus 4-2).

Studentar som ikkje møter til undervisninga må skrive eigenmelding.

Om studenten har mindre enn 80 % frammøte tek rektor avgjerd om studenten tapar sin rett til å fullføre utdanninga. Tap av rett til å fullføre utdanninga er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *H. Klagehandsaming* for meir informasjon om korleis gå fram ved klage.

Ein student som tapar sin rett til å fullføra utdanninga grunna mindre enn 80 % frammøte, kan søkje ny studieplass ved neste søkjartidspunkt og starta utdanninga på nytt om studenten vert teken opp til studiet.

§ 4. Vernereglar

Studenten må følgje dei vernereglar og nytta det verneutstyret som vert kravd i faget det gjeld eller som fagskulen tilbyr. Studenten må også skaffe seg det verneutstyret som er nødvendig og som fagskulen ikkje held. Studenten skal bli gjort kjent med eventuelle ekstrautgifter i kontrakten mellom skulen og den einskilde student.

§ 5. Rusmidlar

Studenten skal ikkje vere påverka av alkohol eller andre rusmidlar på fagskulen sitt område, eller ved arrangement utanfor fagskulen når desse er under fagskulen sin leing eller ansvar.

§ 6. Røyking

Røyking er forbode i skulen sine bygg, og på skulen sitt område.

§ 7. Skade på bygningar og eigendelar

Eventuelle skadar på bygningar, inventar og utstyr, eller på fagskulen sin eigedom, må meldast til fagskulen sitt personale av den som er ansvarleg for skaden, eller dei som observerer den.

Ein student som har påført ein skade grunna uvørden opptreden eller uaktsam handsaming av inventar og utstyr m.m., kan verte erstatningsansvarleg etter takst. Vedtak om erstatningsansvar er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *H. Klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

§ 8. Politisk- og organisasjonsmessig arbeid på fagskulen

Studentane sitt øvste organ er studentrådet. Fagskulen legg til rette for eit studentråd valt av studentane sjølve som skal vere samansett av minst leiar, nestleiar og sekretær. Leiinga i studentrådet har rett til å ha møte med leiinga ved skulen. Fagskulestudentane i Hordaland skal ha ein studentrepresentant i Hordaland Fagskulestyre. Studentrepresentanten har stemmerett, forslagsrett, møte- og talerett.

§ 9. Slutte ved fagskulen

Om ein student ynskjer å slutte ved fagskulen før heile utdanninga er fullført, må studenten sjølv melde dette skriftleg til fagskulen. Dersom ein student sluttar vert det gjeve melding til Statens lånekasse.

§ 10. Tap av rettar/bortvising

Ein student som, trass munnleg og deretter skriftleg varsel frå rektor, opptrer i strid med reglane i dette dokumentet, kan etter vedtak av rektor bli bortvist frå institusjonen i inntil ei veke. Med bortvisning meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden. Avgjerd om bortvisning skal ikkje få innverknad på studentens vurderingsgrunnlag. Vedtak om bortvisning er eit enkeltvedtak og studenten har klagerett. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

Ein student som grovt klanderverdig har handla på ein slik måte at det er skapt fare for liv eller helse for andre studentar og tilsette, eller andre som studenten har å gjere med som del av opplæringa, eller som gjer seg skuldig i grove brot på teieplikta, eller i grovt usømeleg oppførsel, kan etter vedtak av rektor miste retten til å fullføre studiet i inntil to år. Studenten skal ha høve til å forklara seg før eit kvart vedtakspunkt.

Det vert gjeve melding til arbeidsgjevar og Statens lånekasse dersom ein student tapar retten til å fullføre utdanninga.

Studentar som tapar retten til å fullføra utdanninga, jamfør denne paragraf, kan søkje ny studieplass etter to år, men må starta utdanninga på nytt.

Vedtak om tap av rettar er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

E. Vurdering

§ 11. Vurderingsformer

Vurdering vert gjennomført på ein slik måte at skulen på eit mest mogleg sikkert grunnlag kan vurdere om studenten har tileigna seg kunnskapen og kompetansen som er skissert i målsettingane for utdanninga. Bokstavkarakterskalaen A – F, der A er **beste karakter** og F er **ikkje greidd**, vert nytta i vurderinga. Vurderingsformene skal ivareta samanhengen mellom mål for utdanninga og omtala om læringsutbytte, som det går fram i faglæreplanane.

§ 12. Karakterskala for Fagskolane i Hordaland

symbol	generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
B	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
C	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
D	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
E	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
F	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten har ikkje greidd på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

F. Eksamensordning og eksamensreglement

§ 13. Eksamensordning

Tekniske fag

Eksamen vert gjennomført etter følgjande minimumsplan:

Hovudprosjekt

Hovudprosjektet vert avslutta med ein tverrfagleg prosjekteksamen som inneheld eit individuelt oppsummeringsnotat og ein munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter.

LØM-eksamen

Emnet som omfattar dei tre LØM-faga (organisasjon og leiing, økonomistyring og marknadsføringsleiing) vert avslutta med ein tverrfagleg eksamen.

Andre emne

Det skal haldast eksamen i minimum 2 av dei andre emna.

Helsefag

Eksamen blir gjennomført etter følgjande plan:

I dei teoretiske emna blir emnekarakter gjeve på bakgrunn av innfridde arbeidskrav; skriftleg eksamen og anna aktivitet, med grunnlag i § 11 om vurderingsformer.

Avsluttande eksamen er ei skriftleg fordjupingsoppgåve med munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter.

For å kunne gå opp til avsluttande eksamen, må studentane ha utført obligatoriske arbeidskrav, gjennomført praksisstudiar med greidd resultat, samt greidd dei føregåande emna. Fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

Maritime fag

Det vert halde skriftleg eksamen i alle emne kvart år.

Grøne fag

Det vert halde to tverrfaglege eksamenar:

1. Ein tverrfagleg praktisk / munnleg eksamen, inntil 7 timar. Tema vert varsla 48 timar før eksamensstart. Den praktiske delen kan vere gruppebasert
2. Ein tverrfagleg skriftleg eksamen, inntil 4 timar

På eksamensdagen for den praktisk/munnlege eksamen skal studenten syna sine praktiske kunnskapar / evner i samsvar med den oppgåva dei har fått. Ved gruppebasert eksamen vert kvar enkelt student teken ut i ei munnleg eksaminasjon om den praktiske oppgåva dei har utført, samt nokre fleire emne frå faga som inngår i den tverrfaglege eksamen.

Personleg utstyr til den praktiske delen må studentane halde sjølv. Anna naudsynt utstyr skal skulen halda.

Praksisperioden må vere bestått for å kunne stille seg til eksamen, fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

§ 14. Dokumentasjon

Studentar som fullfører og består ei utdanning skal få skrive ut vitnemål.

Vitnemålet skal innehalde dei emna/funksjonar som inngår i utdanninga.

Omfang av emna/funksjonane og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.

Emna/funksjonane med tilhøyrande fag vert omtala på vitnemålet.

På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.

For deltidsstudentar vert det skrive ut kompetansebevis etter kvart fullførte emne, der mål og innhald vert omtala i samsvar med fag- eller studieplan.

Om ein student berre har fullført delar av ei utdanning, vert det skrive ut eit kompetansebevis for dei emna/funksjonane studenten har fullført.

§ 15. Informasjon om eksamen

Fagskulen sin eksamensplan skal vere tilgjengeleg 3 månader før eksamen vert gjennomført. Skulen skal ha rutinar for å gjere studenten kjent med eksamensplanen som seier når og kor det ligg føre sensur.

§ 16. Rett til å gå opp til eksamen

Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøvar som høyrer til studiet eller emne.

Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane.

I kvart emne er det fastsett særskilte arbeidskrav som prøvar, innleveringar, eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan avleggjast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller dei arbeidskrava som er fastsett, har ikkje rett til å gå opp til eksamen.

Ved dei maritime fagskuleutdanningane må studenten ha bestått alle emna det første året for å ha rett til å gå vidare til emna på andre året. Studenten vil ikkje tape retten til å gå vidare til andre året før etter frist for kontinuasjon. Om studenten består eksamen etter kontinuasjon vert ikkje retten til å gå vidare tapt.

Ved dei tekniske fagskuleutdanningane kan studenten berre ha stroke i eit emne for å kunne gå vidare med utdanninga. Det er ikkje mogleg å utsetja eit emne fullt ut til året etter, med mindre det ligg føre særskilte tilhøve. Det vil sei at dersom studenten ikkje har levert nokon av arbeidskrava i eit emne, vil studenten tape retten til å fullføre utdanninga. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilte høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Ein student har rett til å ta eksamen ved fagskulen i same emne tre gonger. Ein student vert å oppfatta som å ha stilt til ein eksamen om han/ho:

- trekkjer seg etter avmeldingsfristen er gått ut
- ikkje møter på eksamen
- ikkje leverer svara
- eller møter på eksamen og trekkjer seg under eksamen

Fagskulen ved rektor kan gje dispensasjon for eit fjerde forsøk i spesielle tilfelle etter søknad frå studenten og uttale frå fagmiljøet. Når ein student har teke eksamen på nytt gjeld den beste karakteren. Studentar som trekkjer seg etter fristen og som ikkje har gyldig grunn, vert rekna for å ha framstilt seg til eksamen. Gyldig grunn er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar og skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan tre virkedagar etter eksamen.

Det er mogleg å ta eventuell praksisperiode ein gong til om ein ikkje har greidd denne med mindre anna er bestemt i studieplanen. Vedtak om ikkje bestått praksisperiode er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Når ein student ikkje fullfører studiet /emnet/funksjonen innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i fag- eller studieplan, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege fag- eller studieplan i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.

§ 17. Fritak frå å gå opp til eksamen/deltaking i undervisning

Dersom studenten kan dokumentera å ha bestått likeverdig eksamen i, eller tilsvarande emne ved same eller ein annan institusjon, kan studenten søkje om fritak frå å gå opp til eksamen eller søkje om individuell avtale om fritak frå undervisninga. Ein individuell avtale kan ikkje ha eit omfang som gjer at det får konsekvensar for vurderinga i dei enkelte emne eller målet med utdanninga.

Det blir ikkje gitt fritak for deleksamenar når det er ei avsluttande samansett vurdering.

Rektor tek avgjerd om fritak for eksamen. Ved avslag på søknad om fritak frå å gå opp til eksamen har studenten klagerett. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Fritak for eksamen i emne skal stå i vitnemål og karakterutskrift med merknad om grunnlaget for fritaket.

Utdanning frå vidaregåande skule gjev ikkje grunnlag for fritak i fagskulen.

§ 18. Eksamen under særskilte vilkår

Studentar som av medisinske eller andre grunnar har trong for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad til rektor om dette innan oppmeldingsfristen for eksamen. Om

det oppstår akutt trong for tilrettelegging kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkyndig instans (til dømes lækjar, logoped, psykolog) og omtale om trongen for særordning i eksamenssituasjonen. Ein søker normalt for kvar eksamensperiode, men om grunnlaget for særordning er av permanent karakter, kan det gjerast unntak for dette.

Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilte hjelpemiddel og/eller utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamensform. Døme på særordningar: eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivhjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, lesing av svara på kassett, spesialstol, spesialbord, ekstra pausar med høve til å kvile, amme-pausar og liknande.

Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det verte gjeve utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid, maksimalt 1 time. Eksamen utan tilsyn kan vurderast særskilt, men med maksimalt 48 timer tillegg i tid.

Særordningar skal likevel vere slik at eksamenspresentasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.

Eventuelt avslag på søknad om tilrettelagt eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

§ 19. Fusk og forsøk på fusk

Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve, eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglemenet eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøvar med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til fagskulen sin administrasjon for vidare handsaming. Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ynskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjulpet andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøven annullert. Annullering av eksamen eller prøve grunna fusk, eller forsøk på fusk, er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

§ 20. Annullering av eksamen

Hordaland fagskulestyre kan annullere eksamen/emne om studenten er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel.

Hordaland fagskulestyre kan annullere godskriving eller godkjenning av utdanninga eller fritak for eksamen om studenten har oppnådd dette ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for uhøvisk oppførsel.

Høve til annullering vert ikkje forelda.

Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til fagskulen. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje vert levert tilbake til skulen i rett tid, kan skulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfullbyrdingslova kap.13. Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gje melding om annullering til vedkommande mynde.

Annullering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

G. Klage og klagehandsaming

§ 21. Klageinstans

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller gjeve ny vurdering. Ved klage på formelle feil ved eksamen eller sanksjonar vert det oppretta ei klagenemnd av Hordaland fagskulestyre. Klagenemnda består av minimum to personar frå fagmiljøa ved fagskulane og éin student. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Klagen skal vere sendt/levert til fagskulen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).

§ 22. Grunngeving for karakterfastsetting

Ein student har rett til grunngeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøvar, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngeving setjast fram straks etter at karakteren er meddelt. Ved anna vurdering må krav om grunngeving framsetjast innan 3 veker frå karakteren vart kunngjort eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.

Grunngeving skal normalt vere gitt innan ti dagar etter at studenten har sett fram krav om det. I grunngevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som ligg til grunn for vurderinga og for vurderinga av studenten sin prestasjon.

Grunngeving vert gjeve munnleg eller skriftleg etter sensor sitt val. Vert det sett fram klage basert på grunngevinga, må sensor levera skriftleg grunngeving til klagehandsamar.

Om studenten har bede om grunngeving innan fristen, vil studenten kunne setje fram klage innan 3 veker etter å ha motteke grunngeving for karakterfastsetjinga. Studenten vert oppmoda til å be om grunngeving før klage vert sett fram, men det er ikkje eit krav.

§ 23. Klage på mappevurdering/emnekarakter

Studenten har rett til å klage på karakterfastsetting ved alle prøvar og innleveringar som har konsekvens for avsluttande vurdering i eit emne. Ved klage på karakter ved prøvar eller innleveringar må studenten setje fram klage innan 3 veker frå karakteren var gjort kjent, eller 3 veker etter at studenten har fått grunngeving. Ved klage på endeleg karakter ved mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje enkeltstående prøvar og innleveringar tilbake i tid.

Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngeving før det vert sett fram klage.

Ved klage på avsluttande vurdering i høve til mappevurdering/emnekarakter kan studenten berre klage på summen av karakterfastsettinga. Det vil seie den totale vurderinga av dei karakterane som er del av mappevurderinga/emnekarakteren. Studenten har rett på grunngeving for karakterfastsetting. Ved klage på mappevurdering/emnekarakter skal det verte gjort ei ny vurdering av ein annan fagskule. Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje påklagast.

Ved klage over karakterfastsetjinga på gruppeeksamen(der ein får gruppekarakter) må alle gruppedlemmene samla samtykke i og skrive under på klagen.

§ 24. Klage på eksamen

Ved klage over karakterfastsetjing ved ein eksamen skal to nye sensorar nyttast. Ny sensur skal liggje føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje påklagast.

Om den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av ei munnleg prøve/justering i samanheng med ein skriftleg deleksamen og klagar får medhald i klage på sensuren av den skriftlege delen av eksamen, skal det haldast ny munnleg eksamen før ny endeleg karakter kan setjast.

Vurdering av munnleg prestasjon eller anna vurdering som på grunn av type prøve ikkje let seg etterprøve kan ikkje klagast på med mindre det gjeld formelle feil ved eksamen. Sjå § 22. Klage over formelle feil ved eksamen.

Korleis gå fram ved klage på karakterfastsetting

Den skriftlege klagen skal innehalde:

- kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
- vedtak det blir klaga over
- kva klagen gjeld og grunngjeving for denne i høve til omtale av læringsutbytte, om det vert klaga på emnekarakter
- dato og underskrift/er

§ 25. Klage over formelle feil ved eksamen

Rektor ved fagskulen er underinstans for klagehandsaming under denne paragraf. Dersom rektor ikkje gjev medhald, skal klagen handsamast av Hordaland fagskulestyre si klagenemnd. Hordaland fagskulestyre si klagenemnd skal handsama klager etter vedtektene i forvaltningslova så langt dei passar. Døme på formelle feil kan vere feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur.

Klage over formelle feil ved eksamen må varslast innan 3 veker etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klagen.

Finn klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for ein eller fleire studentar sin prestasjon eller vurdering av denne, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.

Den skriftlege klagen skal innehalde:

- kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
- vedtak det blir klaga over
- kva klagen gjeld og grunngjeving for denne
- dato og underskrift/er

Ved alvorlege forhold, som til dømes vedtak om fusk, erstatningsansvar, bortvisning eller tap av rettar, har studenten høve til å forklare seg, og kan møte for klagenemnda og leggje fram si sak. Klagenemnda kan oppheve/endre vedtak som er fatta av rektor. Studenten har rett til å ha med seg studentrepresentant om ein skal møte for klagenemnda.

H. Bruk av Internett

Det er ikkje tillete å hente ned informasjon frå Internett som strir mot norsk lov, eller som kan virke støytande eller ukvæmt på andre. Dette gjeld blant anna pornografisk, rasistisk eller satanistisk propaganda, diskriminering av kjønn/religion, bilete som inneheld vold osv.

Om det blir nytta informasjon frå Internett i skulearbeid som skal gje grunnlag for vurdering, skal alltid nettadresse verte oppgjeven som kjelde. Forsøk på å gje ut slikt materiale som eigenprodusert blir å sjå på som fusk, og kan få konsekvensar for vurderingsgrunnlaget (sjå punkt § 19. *Fusk og forsøk på fusk*).

Det er ikkje lov å sende eller leggje ut stoff på Internett som kan oppfattast som fornærmande, injurierande eller truande av andre.

Brot på dette reglementet kan medføre utestenging frå skulen sitt dataanlegg eller andre refsingstiltak heimla i skulen sitt reglement (§ 10. Tap av rettar/bortvising), eventuelt krav om økonomisk erstatning og/eller melding til politiet.

Studenten har rett til å klage på eventuelle sanksjonar/refsingstiltak. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming*, for meir informasjon.

I. Andre føresegner

§ 26. Kjennskap til reglementet

Fagskulen sine studentar skal gjerast kjende med dette reglementet. Studenten kvitterer for at skulereglementet er gjennomlest og akseptert.

§ 27. Ikraftsetjing

Dette reglementet vart vedtatt i Hordaland fagskulestyre den 19.11.2013, med verknad frå same dato.



Arkivnr: 2014/2-16
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	14/14	13.03.2014

Utvikling av nytt fagskulestudie i Agrogastronomi

Samandrag

Bergen tekniske fagskole ønskjer å søkje NOKUT om oppretting av nytt fagskuletilbod i agrogastronomi, og søkjer med dette om løyve til å utarbeide ny læreplan og fremje søknad til NOKUT innan 15. september 2014. Studiet er tenkt å verte gjeve ved studiestaden Hjeltnes, og utarbeiding av læreplan vert gjennomført i samarbeid med Hjeltnes vidaregåande skule med fleire. I samband med vedtatt skulebruksplan fekk Hjeltnes vidaregåande skule og fagskule frist til 2016 om å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet gjennom prosjektet "Muligheitsstudiet". Agrogastronomistudiet er soleis forankra i «Muligheitsstudiet» som eit nytt studie ein ønskjer å satse på for å skapa slik berekraftig aktivitet ved Hjeltnes.

Forslag til vedtak

1. Bergen tekniske fagskole vert gjeve løyve til å utarbeide nytt fagskuletilbod innan agrogastronomi og til å søkje NOKUT om godkjenning til fristen 15. september 2014.
2. Avgjerd om oppstart av studiet vert teke når tilbodet er godkjent av NOKUT.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør for opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Agrogastromoni - Plan forprosjekt

Fylkesrådmannen, 19.02.2014

Bergen tekniske fagskole ønsker å søkje NOKUT om oppretting av nytt fagskuletilbod i agrogastromi, og søkjer med dette om løyve til å utarbeide ny læreplan og fremje søknad til NOKUT innan 15. september 2014. Studiet er tenkt å verte gjeve ved studiestaden Hjeltnes, og utarbeiding av læreplan vert gjennomført i samarbeid med Hjeltnes vidaregåande skule med fleire. I samband med vedtatt skulebruksplan fekk Hjeltnes vidaregåande skule og fagskule frist til 2016 om å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet gjennom prosjektet "Muligheitsstudiet". Agrogastromistudiet er soleis forankra i «Muligheitsstudiet» som eit nytt studie ein ønskjer å satse på for å skapa slik berekraftig aktivitet ved Hjeltnes. Det er også løyvd ekstern finansiering til arbeidet frå Hardangerrådet sitt regionale næringsfond med kr 300 000,-. Prosjektplan som syner tids- og kostnadsplan ligg som vedlegg til saka.

Gjennom agrogastromistudiet skal studentane lære om råvarene si reise frå jord til bord. Agrogastromistudiet skal leggje grunnlaget for ein integrert verdikjede og gje studenten høve til å auka kunnskapen og opplevinga til forbrukar. I tillegg til å bidra til ein integrert verdikjede tek studiet opp i seg mange av dei internasjonale trendane knytt til mat som til dømes Slow Food-rørsla. Slow Food sin filosofi om god, rein og rettvis mat og matproduksjon er fundamentet i det som agrogastromistudiet bør vere tufta på. Utdanninga er presentert og forankra i Slow Food Hardanger, Slow Food Norden og Slow Food International.

Agrogastromistudiet er tenkt å ha ei varigheit på inntil 2 år for 25 studentar per år. Med Slow Food vil utdanninga både sikre dei beste fagfolka innan aktuelle disiplinær, og kunna formidla attraktive verksemder å vere utplassert i. På denne måten vil studiet opne opp for breitt internasjonalt nedslagsfelt. Det er i dag ikkje tilsvarende utdanning i Norden, og ein tenkjer seg i fyrste omgang studentar frå dei nordiske landa med ulik fagbakgrunn, enten som kokk, slaktar, bakar, gartner, agronom, reiselivsaktør eller anna. Målet er å ha 12-15 studentar som studerer to år fulltid ved Hjeltnes. Totalt vil det til ei kvar tid slik vere mellom 25-30 studentar innan denne utdanninga. Det er eit mål å kunne starte utdanning av fyrste kull hausten 2016. For å kunne gjennomføre utvikling av dette prosjektet er det trong for ei rekkje utgreiingar, undersøkingar, utvikling av konkrete opplæringsplanar og planlegging av kva som trengst fysisk av utstyr og bygningar ved Hjeltnes.

For å nå målet med å etablere eit stort nytt fagskuletilbod er det trong for mykje utviklingsarbeid. Dette er tidkrevjande og arbeidskrevjande og vil ha trong for gode planar basert på resultat av breie undersøkingar slik at tilbodet, når det vert realisert, treff marknaden både med omsyn til studentar og næringslivet dei skal ut i. For å sikre dette treng prosjektet ei brei referansegruppe som kan rådførast. Det er og naturleg å knyta kontaktar med etablerte utdanningsinstitusjonar innan mat både i Norge og elles i Norden og Europa. Med kontaktnettet til Slow Food har skulen ei brei dør inn til ein matmarknad og matkultur som både kan nyttast i høve ressurspersonar og som utplassering for studentane som ynskjer ei internasjonalisering av utdanninga si.

Hjeltnes vidaregåande skule og Bergen tekniske fagskole, studiestad Hjeltnes, vil nytta eigne ressursar for å få realisert denne nysatsinga som kan verte eit viktig nytt bein å stå på i skulen si framtid. I møter og samtalar med Hordaland fylkeskommune, Hardangerrådet, Ulvik herad og Slow Food er det synt stort engasjement kring denne satsinga som både femnar om kompetanseutvikling, styrking av regionen si landbruk- og hagebruksnærings, og ikkje minst reiselivsnærings si trong for kvalitet innan matkultur. Denne satsinga er viktig både for Hjeltnes som skule i framtida, og for regionen som ein matdestinasjon.

På bakgrunn av dette vil administrasjonen tilrå at Bergen tekniske fagskole i samarbeid med Hjeltnes vidaregåande skule kan utarbeida eit nytt fagskuletilbod innan agrogastromi, og søkje NOKUT om godkjenning innan fristen 15. september. Av di ramma for det totale fagskuletilbodet til Fagskolane i Hordaland er knapp, vil det vere høveleg å ta avgjerd om oppretting av tilbod når det er godkjent.

AGROGASTRONOMI

PLAN FORPROSJEKT 2013-14

UTVIKLING AV FAGSKULE INNAN MATKULTUR PÅ HJELTNES



FIGUR 1: ME SKJÆRER TIL BEINET FOR Å FÅ ETABLERT FAGSKULEN "AGROGASTRONOMI"


INNLEIING

Mat er næring, oppleving og kultur. Kosthald og helse, mattryggleik, grønne verdiar, berekraftig og rettferdig matproduksjon og dyre velferd er viktigare for mange forbrukarar enn pris. Vi ynskjer oss stadig meir kunnskap om den maten vi et. Kor kjem maten frå? Korleis er den dyrka? Når vi er på reise eller restaurant ynskjer vi i tillegg vi å vite korleis maten er tilverka. Mat er lokalt forankra gjennom sted, kultur, tradisjonar, oppskrifter og historie. Som kundar ynskjer vi å vite om det er ei spesiell historie knytt til den spesielle retten. Vi ynskjer at måltidet skal gjere oss mette, men vi ynskjer og ei minneverdig oppleving.

KVIFOR TRENG ME EIT AGROGASTRONOMISTUDIE I NORDEN?


Matkultur handlar i tillegg til kunnskap om produksjon og korleis produkta skal tilverkast i etterkant, også om å formidle kunnskapen til gjester som stadig krev meir tryggleik om opphav og framstillingsmåte.

I mange tilfelle er verdikjeda for mat så oppstykkja og fragmentert at informasjon og kunnskap forsvinner på vegen frå produsenten til forbrukar. Kelner og kokk kan ofte fortelje mykje om retten de serverer, men kjem til kort når det gjelder å kommunisere korleis råvarene er tilverka og som er deira opphav. De som produserer maten veit for lite om kva som skjer lengre framme i verdikjeda til å kunne tilpasse produksjonen deretter. Ofte er det reine transaksjoner som finn stad mellom dei ulike ledda i verdikjeda, jamfør figur 1.



Figur .1 Aktørane i ei verdikjede der varer går frå produsent til forbruker og betaling går andre vegen.

Gjennom agrogastronomistudiet skal studentane lære om råvarene si reise fra jord til bord. Agrogastronomistudiet skal leggje grunnlaget for ein integrert verdikjede og gje studenten muligheit til auka kunnskapen og opplevinga til forbrukar.



Figur 2. Aktørane i ei integrert verdikjede kor også kunnskap flyt gjennom verdikjeda

Studentane skal lære korleis mat vert produsert, foredla og formidla ut til kundane. Eit alternativ er at studentane sjølv driv ei form for kommersiell kafé eller overnattingstilbod med matserving i deler av sesongen og på den måten kan studentane få røynsle og øving frå jord til bord.

Agrogastronomistudiet i tillegg til å bidra til ei integrert verdikjeda tek studie opp i seg mange av dei internasjonale trendane knytt til mat. Nordisk kjøkken basert på nordiske råvarer auka fokus grunna t.d. Noma og Brør i København. Fokus på betre helse gjennom sunnare kosthold og reinere mat er ein internasjonal trend. Slow Food røyrsla tar opp i seg mange av dei viktige internasjonale trendane knytt til mat. Måltidet skal være ei god oppleving. Maten skal være rein og av eit opphav som sikrar rettvis behandling av natur, dyr og menneskjer. Slow Food sin filosofi om god, rein og rettvis mat og matproduksjon er fundamentet i kva agrogastronomistudie bør vere tufta på. Utdanninga er presentert og forankra i Slow Food Hardanger, Slow Food Norden og Slow Food International.

HJELTNES

Hjeltnes vidaregåande skule har i heile si 113 år lange historie vore eit kompetansegejevande senter for hagebruk og matproduksjon på vestlandet generelt og Hardanger spesielt. Hjeltnes har mellom anna et stort klonarkiv for eplsortar. I seinare år har den vidaregåande skulen mest utdanna elevar innan anleggsgartnarfaget og blomsterdekorasjonsfaget i tillegg til gartnarutdanning på deltid. I tillegg har ein gjennom Hjeltnes kompetansesenter hatt ei brei kursverksemd.

Hjeltnes fagskule vart etablert hausten 2010 og har no sitt andre kull med studentar som utdannar seg innan faget arborist over to år. Frå 1. januar 2014 er fagskulen ved Hjeltnes vorte ein studiestad under Bergen tekniske fagskole.

I dag er det til saman 72 elevar og studentar ved Hjeltnes vgs og fagskule.

MULIGHEITSSTUDIET VED HJELTNES

I samband med vedtatt skulebruksplan fekk Hjeltnes vidaregåande skule og fagskule frist til 2016 om å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet gjennom prosjektet "Muligheitsstudie".

Prosjektet "Muligheitstudiet" er sett i gang, og har gjennom intern idémyldring, innspel frå styringsgruppa og referansegruppa fått ei lang liste med moglege utviklingsprosjekt som no skal knaast ned til nokre satsingsområder å bygge skulen på inn i framtida.

Frå Slow Food Hardanger ved Pål Drønen kom det tidleg inn forslag om å starte fagskule innan matkultur på Hjeltnes. Ideen er drøfta og forankra i Muligheitsstudiet og har fått ekstern finansiering frå Hardangerrådet sitt regionale næringsfond med kr 300.000,-. Det er og tenkt å søkje Ulvik herad om stønad til "Muligheitsstudie" for å kunne gjennomarbeide prosjekta ein ynskjer å gå vidare med.

AGROGASTRONOMISTUDIET

Denne prosjektplanen er knytt til prosjektet som har arbeidstittelen "AgroGastronomi" der målet er å utvikle ny fagskule på inntil 2 år for 15 studentar pr år, innan gastronomi/matkultur/matformidling der heile næringsrekkja og verdikjeda frå jord til bord, fjord til fjell, vert teke i bruk. Med Slow Food vil utdanninga både sikre dei beste fagfolka innan aktuelle disiplinær, og kunna formidla attraktive verksemdar å vere utplassert i. På denne måten

vil studiet opne opp for breitt internasjonalt nedslagsfelt. Det er i dag ikkje tilsvarande utdanning i Norden og ein tenkjer seg i fyrste omgang studentar frå dei nordiske landa med ulik fagbakgrunn, enten som kokk, slaktar, bakar, gartner, agronom, reiselivsaktør eller anna. Det miljøet som ligger lengst framme innan kompetanse på matkultur i Norden er det nasjonale kompetansesenteret for mathandtverk "Eldrimner" i Sverige. Dei har planar om eit eittårig fagskuletilbod innan praktisk foredling og mathandtverk, som vi kan ha gjensidig utbytte av. Hjeltnes har gjennom Slow Food god kontakt i dette miljøet som kan verte ein viktig samarbeidspartnar for fagskulen.

Målet er å ha 12-15 studentar som studerer to år fulltid ved Hjeltnes. Totalt vil det til ei kvar tid slik vere mellom 25-30 studentar innan denne utdanninga. Det er mål å kunne starte utdanning av fyrste kull hausten 2016. For å kunne gjennomføre utvikling av dette prosjektet er det trong for ei rekkje utgreiingar, undersøkingar, utvikling av konkrete opplæringsplanar og planlegging av kva som trengst fysisk av utstyr og bygningar ved Hjeltnes.

Føremona til Hjeltnes er at mykje av infrastrukturen på skulen allereie ligg der., Med eit samarbeid med Slow Food treng ein ikkje starte heilt på bar bakke, men bygge vidare på eksisterande kompetanse og filosofi. Etter omstrukturering er Hjeltnes fagskule organisert i lag med Bergen tekniske fagskule og har dermed både erfaring og organisasjon som handterer dette. Vidare er det arealmessig og bygningsmessig mange kvalitetar som kan utviklast inn mot denne utdanninga. Skulen har også eit langt og godt omdømme som eit kompetansesenter for hagebruk og matproduksjon som svært mange i regionen har eit varmt og nært forhold til. Det er naturleg å nytte mykje av den kompetansen skulen har innan dei grønne produksjonsfag og vidareutvikle dei i retning av meir økologisk og bærekraftig produksjon. I dag har skulen noko økologisk produksjon av frukt, men bør vidareutvikle dette vidare for å vere eigen produsent av mange av råvarene agrogastromistudiet skal nytte.

Det er eit mål at Hjeltnes skal verte eit kompetansesenter innan matkultur som i tillegg til sjølv å ha nyskapande produksjon også nyttar heile regionen Hardanger som grunnlag for ein brei og variert høgkvalitets arena for studentane. Ein måte å organisere dette på kan vere å knytte til seg «fadderprodusentar» innan dei ulike matnisjene i regionen. På enkelte felt må ein truleg nytte heile vestlandet. Det er også svært aktuelt å kunne tilby utvekslingsopphald i heile Slow Food sitt internasjonale nettverk

Etablering av fagskulen med slike samarbeidspartnarane vil derfor vere med på å styrke utdanninga, vere eit samlande punkt for dei aktørane i regionen som i dag driv med matproduksjon/matkultur, og sist men ikkje minst vere ein stad der også nye aktørar kan få tileigna seg kompetanse for å utvikle eigen verksemd.

KORLEIS NÅ MÅLET?

For å nå målet med å etablere eit stort nytt fagskuletilbod er det trong for mykje utviklingsarbeid. Dette er tidkrevjande og arbeidskrevjande, og vil ha trong for gode planar basert på resultat av breie undersøkingar slik at tilbodet når det vert realisert, treff marknaden både med omsyn til studentar og næringslivet dei skal ut i. For å sikre dette treng prosjektet ei

brei referansegruppe som kan rådførast. Det er og naturleg å knyta kontaktar med etablerte utdanningsinstitusjonar innan mat både i Norge og ellers i Norden og Europa. Med kontaktnettet til Slow Food har me ei brei dør inn til ein matmarknad og matkultur som både kan nyttast i høve ressurspersonar og som utplassering for studentane som ynskjer ei internasjonalisering av utdanninga si.

Hjeltnes vidaregåande skule og Bergen tekniske fagskule studiestad Hjeltnes, vil sjølv leggje mykje tid og ressursar for å få realisert denne nysatsinga som kan verte eit viktig nytt bein å stå på i skulen si framtid. I møter og samtalar med fylkeskommunen, Hardangerrådet, Ulvik herad og Slow Food er det synt stort engasjement kring denne satsinga som både femnar om kompetansutvikling, styrking av regionen sin landbruk- og hagebruksnæring og ikkje minst reiselivsnæringa si trong for kvalitet innan matkultur. Denne satsinga er viktig både for Hjeltnes som skule i framtida, og regionen som ein matdestinasjon.

Prosjektet vil ha ei lita prosjektgruppe med representantar frå Hjeltnes vgs (Håkon Gjerde og Andrid S. Innset), Slow Food Hardanger (Pål Drønen), prosjektleiar for mogleiksstudie (Heidi Bjønnes Larsen), og representant får næringslivet (truleg Hanne Frostad). Prosjektet skal rapportere inn til hovudprosjektet «Muligheitsstudie».

TIDS- OG KOSTNADSPLAN

Tidsplan forprosjekt:

- 2013: Ideutvikling mellom Slow Food og Hjeltnes vgs, søknad regional næringstilskot
- 2014 januar: Prosjektplan utarbeida og forankra i Muligheitsstudie.
- Oppstart arbeid med studieplan
- Kartlegging av korleis AUD-analysane skal utformast
- 2014 mars: Søknad fagskulestyre i Hordaland om å søkje NOKUT
- 2014 mars: Fyrste utkast til studieplanar som kan nyttast i undersøkingar
- AUD-analyse utvikling av undersøkingane
- 2014 april: AUD-analyse gjennomføring av undersøkingane
- 2014 mai: Evaluering av AUD-analysane
- Justering av studieplanar m.m. i høve resultat frå AUD-analyse
- 2014 februar-juni: Definere og planlegge trong for fysisk tilrettelegging av undervisningslokaler og evt. hybelhus.
- 2014 mars-desember: Studiereiser for å etablere samarbeidsverksemder i Hardanger, Norge, Norden og Europa.
- 2014: mai-september: Søknad NOKUT, frist 15. september

Milepærlar forsprosjekt:

Godkjenning Hordaland fagskulestyre	mars 2014
NOKUT søknad	15. september 2014
Avslutting mogleiksstudiet Hjeltnes	april 2015
Svar frå NOKUT om godkjenning av studiet	april 2015

Arbeidet vidare:

2015 april-2016 mars: Utarbeiding av web, brosjyrarar mm, marknadsføring av studiet

2015 april – 2016 august: Planlegging av ombygging/nybygging av fysiske lokale for å kunne ta i mot studentane, både i undervisning og bustad

2016 april: Søknadsfrist for fyrste kull studentar

2016 august: Start fyrste kull studentar og evaluering av prosjektet

KOSTNADSPLAN

Tittel	2013	2014	2015	SUM
Eigne arbeidskostnader	50 000	600 000	100 000	750 000
Grunnlagsundersøkingar AUD		100 000		100 000
Ekstern hjelp, Slow Food mm	10 000	300 000		310 000
Planarbeid	0	25 000		25 000
Reisekostnader	10 000	100 000		110 000
Sum kostnad	Kr 70 000	Kr 1 125 000	Kr 100 000	Kr 1 295 000

FINANSIERINGSPLAN

Tittel	2013	2014	2015	SUM
Hardangerrådet iks*		300 000		300 000
Hordaland fylkeskommune **	70 000	625 000	100 000	795 000
Ulvik herad		300 000		300 000
Sum finansiering	Kr 70 000	Kr 1 125 000	Kr 100 000	Kr 1 295 000

*Midlar frå Hardangerrådet er innvilga hausten 2013

**Hordaland fylkeskommune finansierar prosjektet gjennom lønn frå Hjeltnes vgs, lønn frå Bergen tekniske fagskole, næringsavdelinga via AUD analysar og lønn til prosjektleiar mogleiksstudiet.

ROLLER OG ANSVAR FOR DELTAKARAR I PROSJEKTGRUPPA:

HÅKON GJERDE: Prosjektleder. Koordinerer prosjektgruppa og har hovudansvaret for framdrift, økonomi og møter.

ANDRID S. INNSET: Ansvar for at fagplanar og søknad til NOKUT er i tråd med retningslinene til NOKUT

HEIDI BJØNNES LARSEN: Ansvar for å koordinere prosjektet for AUD-analysar og kva som trengst inn mot Muligheitsstudie.

PÅL DRØNEN: Ansvar for kopling mellom Slow Food og Hjeltnes vgs. Deltek i utarbeiding av fagplanar og kva som trengst av fysisk tilrettelegging på Hjeltnes.

REPRESENTANT FRÅ NÆRINGSLIVET (T.D. HANNE FROSTAD): Ansvar for kopling til lokalt næringsliv. Deltek i utarbeiding av fagplanar og kva som trengs av fysisk tilrettelegging på Hjeltnes.

ARBEIDSFORM FOR PROSJEKTGRUPPA:

For å sikre framdrift vert det satt av ein fast dag i veka som kan enten nyttast saman ved trong for møter og koordinering, eller sjølvstendig arbeid med prosjektet. Aktuell vekedag er ikkje fastsett. Dei fleste møter vil vere i Ulvik, men ved trong kan me også ha dei i Bergen.

Håkon og Andrid arbeider fast ein dag kvar i veka med prosjektet + utfyllande arbeid inntil 20% stilling kvar; tilsaman 40% lønsressurs.

Heidi Bjønnes Larsen: arbeide med prosjektet inntil ein dag i veka + meir i periodar med høgre aktivitet innan ansvarsområdet.

Pål Drønen: Arbeider fast ein dag i veka med prosjektet + etter trong inntil førebels kr 150 000,-.

Representant frå næringslivet: arbeider 1 dag i månaden, helst i samhandling med resten av prosjektgruppa. Inntil kr 40 000,- i prosjektperioden.

I tillegg må me velje ut ei brei ressursgruppe som prosjektet kan nytte seg av i utarbeiding av fagplanar og innhald.



Arkivnr: 2014/2-17
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	15/14	13.03.2014

Utvikling av nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi

Samandrag

Bergen tekniske fagskole søkjer om løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi. CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland har utarbeidd og fått godkjent av Innovasjon Norge ein hovudprosjektsøknad for blant anna å utvikle eit fagskuletilbod innan fagområdet.

Hordaland har eit av dei sterkaste miljøa i landet innan CNC-maskinering. Miljøet er langt framme i høve til automatisering/robotisering. Mange av aktørane er knytt til den maritime klynga og offshoreklynga, men det er også fleire andre aktørar. I Hordaland er det stor mangel på CNC- og robotoperatørar og så godt som ingen tilgang på nytt personell med fagskuleutdanning, bachelor og master på fagfeltet. På bakgrunn av saksframlegget vil administrasjonen tilrå at Hordaland fagskulestyre gjev Bergen tekniske fagskole løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC- og robotteknologi.

Forslag til vedtak

Bergen tekniske fagskole vert gjeve løyve til å utvikle eit nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Hovedprosjektsøknad CNC og robotteknologi

Fylkesrådmannen, 19.02.2014

Bergen tekniske fagskole søker om løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi. CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland har utarbeidd og fått godkjent av Innovasjon Norge ein hovudprosjektsøknad for blant anna å utvikle eit fagskuletilbod innan fagområdet. Bergen tekniske fagskole og representantar frå Hordaland fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga og næringsseksjonen har delteke i referansegruppa for utviklinga av søknad til Innovasjon Norge (søknad ligg som vedlegg til saka). Søknad om prosjektet "Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland" er godkjent av Innovasjon Norge og blir hovudprosjekt i programmet til Innovasjon Norge: "Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljøer". Prosjektet har ein budsjettramme på 6 millionar, og det er innstilt til å få 3 millionar frå Innovasjon Norge.

Hordaland har eit av dei sterkaste miljøa i landet innan CNC-maskinering. Miljøet er langt framme i høve til automatisering/robotisering. Mange av aktørane er knytt til den maritime klynga og offshoreklynga, men det er også fleire andre aktørar. I Hordaland er det stor mangel på CNC- og robot-operatørar, og så godt som ingen tilgang på nytt personell med fagskuleutdanning, bachelor og master på fagfeltet.

Hordaland fylkeskommune har vore ein viktig samarbeidspartnar for å etablere Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule. Kompetansesenteret er etablert i tett samarbeid med næringsmiljøet som også er aktive i rådet for kompetansesenteret. I 2013 løyvde fylkeskommunen 1,5 millionar over 3 år til ein ekstra instruktørstilling ved kompetansesenteret. Næringsmiljøet har på si side løyvd 0,5 millionar til dette føremålet. Kompetansesenteret ønskjer å bidra til hovudprosjektet med 75 % av denne stillinga i prosjektperioden på 1,5 år.


Bergen tekniske fagskole har i dag tilbod innan både maskinteknikk og automasjon som vil kunna danne grunnlaget for å utvikla eit nytt tilbod innan CNC og robotteknologi. Bergen tekniske fagskole ser føre seg at det vert eit deltidstilbod over 3 år, og vil ikkje kome på toppen av dagens totale fagskuletilbod. Tilbodet kan alternere med liknande nettutdanningar, det vil sei at ein kan opprette etter behov innanfor dagens rammer. Det er ikkje teke endeleg stilling til kor tilbodet skal vere plassert, og det er mogleg at tilbodet kan verte gjeve med undervisning både ved Bergen tekniske fagskole og ved Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule.

På bakgrunn av saksframlegget vil administrasjonen tilrå at Hordaland fagskulestyre gjev Bergen tekniske fagskole løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC- og robotteknologi. Før det vert fremja søknad til NOKUT bør Hordaland fagskulestyre på nytt vurdere tilbodet i høve til form og lokalisering av utdanninga.

Utlysning: Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljøer

Hordaland 19. januar 2014

Hovedprosjektsøknad: Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland



Sammendrag

Hordaland har et av de sterkeste miljøene i landet innen CNC-maskinering. Dette miljøet er også langt fremme når det gjelder automatisering/robotisering. Mange av aktørene er lokaliserte i kommuner med distriktstatus.

Osterfjord Nærings samarbeid som er en fellesorganisasjon for næringsutvikling i Osterfjordregionen, fremmer på vegne av næringsklyngen i Hordaland denne søknaden i samarbeid med Høgskolen i Bergen, Hordaland fylkeskommune; Bergen tekniske fagskole og Kompetansesenteret for CNC og robot, NCE Subsea, Business Region Bergen, Osterøy Industrilag m.fl.

I skisseprosjekt- og forprosjektfasene er det gjort mobiliserings- og kartleggingsaktiviteter; bl.a. er 26 industribedrifter blitt intervjuet om kompetansebehov på fagfeltet og om interesse for å delta i et

hovedprosjekt. 24 av 26 intervjuede bedrifter ønsker å styrke denne kompetansen og vil delta aktivt i prosjektet. I Hordaland er det over 900 industribedrifter hvorav 270 i kommuner med distriktstatus.

Visjon: CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland er i et internasjonalt perspektiv en sterk klynge med gode arbeidsplasser og sterk konkurransekraft og basert på tett kobling med robuste utdanningsorganisasjoner med relevante utdanningsløp av høy kvalitet.

Mål: Mobilisere og organisere CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland og utvikle et aktivt samspill med utdannings- og etter- og videreutdanningsorganisasjonene på fagskole, høyskole og universitetsnivå slik at de tilbyr undervisning som bidrar til god tilgang på kompetent arbeidskraft på fagområdet.

Vi søker nå om å få gjennomføre et hovedprosjekt over 1,5 år med et budsjett på 6 mill kr og et tilskudd fra Innovasjon Norge på 3 mill kr.

1. Beskrivelse av næringsmiljøet, deltagende partnere og prosjektets ressursfundament

CNC står for "Computerised Numeric Control" og er styringssystemet for datastyrte maskiner. CNC er blitt en svært utbredt teknologi, og brukes i de fleste industrielle produksjoner i de fleste industribransjer. Industrieroboter styres med tilsvarende teknologi. Industrieroboter er de aller siste årene blitt så rimelige og anvendelige at teknologien er aktuell i de fleste former for industriproduksjon. Industrieroboter er ikke lenger bare for storserie og volumproduksjon.

I følge statistikk publisert på hordaland.no (<http://statistikk.igest.no/hf/>) var det i Hordaland i 2012 totalt 925 industribedrifter hvorav 268 (29%) i kommuner med distriktstatus. I disse bedriftene er det nesten 26.000 arbeidsplasser, hvorav ca 6.500 (25%) i kommuner med distriktstatus.

Vi har ikke noen tall på hvor stor andel av disse som benytter CNC og/eller roboter/avansert automatisering, men om vi forsiktig regner 50%, er det bare i kommunene med distriktstatus 135 bedrifter med 3.250 arbeidsplasser.

Hordaland har et av de sterkeste miljøene i landet innen CNC-maskinering. Dette miljøet er også langt fremme når det gjelder automatisering/robotisering. Mange av aktørene har tilknytning til den maritime klyngen og offshoreklyngen, men det er også flere andre aktører. For vårt fylke har vi foreløpig best oversikt over mekaniske bedrifter/maskineringsbedrifter.

Vi har ut fra vårt kontaktnett laget en foreløpig liste med ca 40 slike maskineringsbedrifter i Hordaland med 3.000 ansatte. Over 10 av disse ligger i distriktskommuner og har samlet vel 750 ansatte. Den største i en distriktskommune er Frank Mohn Fusa AS med 450 ansatte. Den største på denne listen er Bergen Engines AS med 900 ansatte. I tillegg kommer en rekke bedrifter i andre bransjer som vi også ønsker å ha med som tre/møbel, tekstil, næringsmidler, paller/briketter; bare for å ha nevnt noen. Og mange slike bedrifter er også lokaliserte i distriktskommuner.

